

Referat FAU-møte

Tysdag 15. september 2020

Til stades i teams:

Torbjørn Kjellesvik-Kristiansen, Anne Eline Bratland, Camilla Nævdal, Camilla Gjendem, Mona T Jensen, Therese Bjørgen, Tove Elin Jakobsen, Hilde Berge Kringstad, Ingrid Sofie Rundhaug

Ikkje til stade: Håvard Mork, Tina Våg og Svein Arild Johannesen

Saker:

1. Godkjenne innkalling

Me sende innkalling ut pr e-post. Dette fungere godt for medlemma.

2. Konstituering

Leiar: Camilla Nævdal

Nestleiar: Svein Arild Johannesen

Kasserar: Mona T Jensen

Sekretær: Maria Ulrika Bjørk Flatebø

Leiar og nestleiar sit i Su.

Su-vara: Therese Bjørgen

3. Rapport om førre år v/Jone Wigestrånd

Fau gjennomførte 2 arrangement sist skoleår.

Dei sette ned arbeidsgrupper for Halloween og Gjenbruksdag. Begge arrangementa blei gjennomført med suksess. Elevane liker godt Halloween-tradisjonen på Stokkastrand. Mange deltok på gjenbruksdagen. Den fekk merksemd i lokalavisa.

I januar starta leiar og rektor opp 17. mai-komitèen som består av foreldra til 6.klasse. Dei starta opp med si planlegging, men det blei jo ikkje arrangement på skolane grunna korona.

4. Fau – kva er det?

Alle hadde fått brosjyra «Medlem av Fau» vedlagt i innkallinga. Rektor refererte litt av innhaldet, om kva rolle eit Fau kan ha. Det enkelte Fau må finne si rolle og sine oppgåver.

5. Klassekontaktperm

Denne er laga av Fau og skole, slik at jobben som klassekontakt skal gå lettare. Her er ulike lister og tips til å utføre vervet.

Camilla og Vibeke, som sat i Fau i fjor, har laga til ei brosjyre til den som blir klassekontakt. Den blei sendt heim med elevane i dag. Sjekk ranselen. Her er tips og avtalar som er gjort i Fau, om korleis fau vil jobbe for det sosiale miljøet i klassane.

6. Samarbeid skole – fau skoleåret 2020-2021

Det er eit spesielt år, med koronapandemien. Skolen håper likevel på at dei



kan arrangere avslutning på kunst- og kulturprosjektet «Superhelt i kvardagen - meg, deg og plassen me bur på.» Den skal gå av stabelen i Karmøy kino 25. februar. Viss me ikkje kan, ønskjer me å lage film av forestillinga vår.

Sunne og friske barn er snart i mål for denne gongen, tom 18. sep. Fau plar sponse 1 stk kinobillett pr klasse. Den blir trekt blant dei som har 100%. I tillegg plar me dele ut ein klassepremie på kr 500.

Fau håper elevane vil fortsetje å sykle utover hausten, sjølv utan ein aksjon. Me ønskjer å setje i gong ny aksjon etter påske, men kanskje med andre premiar. Viktig å få elevane tilbake på sykkelen etter vinteren.

7. Halloween 31.10

Fau har hatt ei felles Halloweenfeiring – Supert arrangement! Det tradisjonelle arrangementet heng i ein tynn tråd pr i dag, men fau lurar på om me kan ta det klassevis – på klasseromma. Ein kan likevel lage til «Spøkelsestunnelen» i bomberommet. Elevane kan komme her klassevis.

Rektor sjekka opp kor mange foreldre ein kan ha på klasserommet. Skoleeigar svarer «så få som mogleg»; altså klassekontaktane evt 2 andre foreldre i klassen viss dei skal ha ansvaret.

Komitèen må bli heile fau då alle klassekontaktane skal arrangere på sitt klasserom.

8. 17. mai på Stokkastrand skole

I fjor blei det jo ikkje feiring på skolen. Pr nå veit me ikkje for neste mai. Rektor og fau-leiar inviterer foreldra i 6.klasse til 17. mai-møte i januar. 6 klasse har ansvar for arrangementet, 3.klasse bakar kaker og 1.klasse pyntar ute.

9. Info om skolen v/ rektor

Friminutt

Klassane er delte inn i soner i friminutta. Det fungerer fint. Sidan me ikkje kan ha leikekasse og TL-aktivitetar, har me laga til ein leikekasse pr klasse. Gymlæraren skal lære elevane TL-leikane, slik at dei kan bruke dei i friminutta. Lærar gjer avtale før dei går ut.

Skolemiljø

Spekter, klassemiljøundersøking, blei gjennomført i sist veke. Grunna sjukdom er den ikkje heilt ferdig. Me vil ha alle med.

Men så langt viser den lite mobbing generelt, men det er noko som skjer i ein klasse. Den saka er skolen på, med samtalar og observasjonar, på jakt etter kva som skjer og kven som eventuelt styrer.

Saknar å ha fellessamlingar. Dette er eit fellesskap der skolen set fokus på forventningar til oppførsel, tips og idèar til å gjere dagen god for andre etc. Skolen hadde ei fellessamling ute i dag. Det gjekk kjempeflott. Utover hausten vil skolen planleggje for fellessamling, og slå til med gjennomføring når det er tørt på bakken og lite vind.



Helsesjukepleiar

Skolen har dei siste åra hatt veldig lite helsesjukepleiar til stade på skolen. Me byta helsesjukepleiar to år på rad, og begge var i periodar sjukemeldt. Me var utan frå desember og ut skoleåret i vår. Rektor klaga dette inn til helse i vår. Det er viktig at dei har ei vikarordning slik at tilbodet er der. Det er uheldig ved fråvêr for dette er ei rolle som eleven må gjere seg kjent med og ha tillit til for å bruke. Men folk blir sjuke, og ein vikar er betre enn å ikkje ha dette tilbodet. Me har derfor nå ein vikar inne, som skal vere her ut oktober. Ny vikar kjem på fredag, som ein overlapp. Me veit ikkje når vår helsesjukepleiar er på plass igjen.

Ny læreplan

Faga er dei same, men dei er fornya, bla med å redusere antal kompetansemål. Ein har sett på kompetanseomgrepet; kva kompetanse treng eigentleg elevane for framtida?

Læreplanen har ein ny overordna del. Den er bla prega av verdiane som skal ligge til grunn i skolen, som skal gjennomsyre klasserommet.

Skolen har jobba seg inn i ny læreplan dei siste åra. Lærarane har hatt fokus på tverrfagleg undervisning og aktive elevar, og nå nye årsplanar. Utover hausten skal dei ta for seg vurdering.

Vil du lese meir om læreplanen kan du følgje denne linken:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/Nye-lareplaner-i-grunnskolen-og-gjennomgaende-fag-vgo/>

10. Stangaland skole

Rektor fekk ikkje vist eit bilete av uteområdet, korleis det er planlagt. Legg det i staden ved som vedlegg med referatet. Ikkje sikkert alle element på kartet blir ein realitet, men dette er utgangspunktet.

Det skal vere ei markering for skolen på tomta 18. september. 2.klasse og elevrådet frå begge skolane skal delta, saman med rektor og lærarar.

5. november skal det vere ei rådgjevande folkeavstemming ang kva målform Stangaland skole skal ha. Eide har bokmål, og Stokkastrand har nynorsk. Ein vil også kunne førehandstemme i veka før. Folkeavstemminga skal gå føre seg på servicetorget. Merk at det er ei rådgjevande avstemming.

Fau var opptatt om kva som vil skje med våre elevar om det blir bokmål, noko mange meinte var sannsynleg. Rektor fortalte at berre ein har 10 elevar som ønskjer nynorsk, har ein rett til det. Det vil nok bli tilbod om begge målform viss foreldre ønskjer det.

Me snakka også om det sosiale viss Stokkastrand elevane blir i eigne klassar. Vil dei då bli identifisert som «stokkastrandelevar» og «eideelevar», og ikkje som «stangalandelevar». Her må ein ta ei vurdering, men det treng ikkje bli ei sak!

Rektor har i dag (16.09.20) vore i kontakt med Bjørn Nøttum som er er saksarbeidar i denne saka. Han bekrefta dette med 10 elevar. Han seier også at det antakeleg går å byte mål ved oppstart av nye skole, viss foreldre ønskjer det.



Fau er noko usikker på om kvar foreldra på Stokkastrand skole står i denne saka. Dei vil sjekke det ut via facebook-sidene foreldra har. Camilla skriv eit forslag til kva som kan stå i eit slikt brev, Elia kan omsetje til nynorsk før klassekontaktane tar det inn i facebook-gruppa. Då kan fau få ein peikepinn på kva foreldra ønskjer, og om ein skal lage til ein aksjon for å få folk til å bruke stemmeretta si for nynorsk.

Viss ein skal bruke ein eventuell forelesar på ein kveld er det fau som betale dette, men dei kan søkje Oppvekst og kultur om støtte.

Rektor har blitt kontakta av Karmøy dialekt og mållag v/Oddmund Paulsen.

Han ville at Fau skulle kjenne til dei og tilby hjelp viss det var ønskeleg. Han er å nå på telefon 91749969.

11. Eventuelt

Fau og skolen samarbeida om råd til køyremønster utanfor skolen for nokre år sidan. Nå når Sunne og friske barn er ferdig på fredag, vil nok antal bilar auke. Me sender denne ut på ny, ei revidert utgåve med underskrift av ny leiar og rektor.

5.klasse lurte på om foreldre kan køyre elevar på arrangement i skoletida. Skoleeigar seier fortsatt nei til dette.

Stokkastrand skole 16.09.2020

Referent Elia Aase, rektor – godkjent av Camilla og Maria

